

Prosjektbeskrivelse

Friskere geiter

Del 2

Helsetjenesten for geit

Samandrag

”Friskere geiter” del 1 går ut på å sanere for dei smittsame sjukdomane CAE, byllesjuka og paratuberkulose i 20 buskapar. ”Friskere geiter” del 2 skal vidareføre dette arbeidet og tek sikte på å koma i gang med sanering for desse sjukdomane i 75 % av norske geitebuskapar i løpet av 6 år.

Prosjektet skal også foreslå ei ordning for vidare sanering og smittekontroll på landsbasis..

TINE og NSG er eigarar av prosjektet og ansvarlege for gjennomføringa.

Prosjektet skal vare i 6 år og har ei kostnadsramme på 59 mill. kroner.

Bakgrunn for forprosjektet.

Det er god grunn til å tru at store deler av den norske geitepopulasjonen har smittsame sjukdommar. Det er gjennomført spreidde undersøkingar over forekomst av CAE som viser at ein høg prosent av geitene er smitta. Vi har også fått resultat frå foreløpige testar av tankmjølk. Desse viser at av 371 er 318 positive for CAE (85%). Dette er eit svært høgt tal. Byllesjuka er kjent hjå dei fleste. I ei spørjeundersøking svarar 215 av 335 at dei har byllesjuka (70%). Paratuberkulose finst i nokre område av landet. Her trengst det å få gjort noko med det fyrste, då mange av desse har hatt sjukdommen lenge. Dette representerer også ein fare for smitte til storfe, vilt og kanskje til sau. Menneske er også nemnt som mogeleg mottakar av smitte (Crohns sjukdom). Det er på geit denne sjukdommen er påvist mest.

Prosjektet "Friskere geiter" er godt i gang. Dei siste buskapane som skal sanere for dei smittsame sjukdomane CAE, byllesjuka og paratuberkulose startar til hausten. Dette prosjektet har som målsetting å få 20 norske geitebuskapar fri for desse sjukdomane. Allereie no ser vi svært positive resultat frå dette prosjektet. Dette er på linje med resultatata frå dei vellukka prosjekta for CAE-sanering i Sveits og Sverige.

Det er behov for å få sanert fleire buskapar. Dette kjem dels som eit ynske frå geitehaldarar som ikkje er med i prosjektet, og dels som eit ynske frå dei som no har sanert, som er redde for å få smitta sine friske dyr att på nytt.

Det er også ei viktig side ved dette som handlar om dyrevelferd. Det er ikkje etisk forsvarleg å halde fram med ein produksjon med så sjuke dyr som vi ofte ser. Dette er også eit sentralt punkt i ”stortingsmelding nr 12 (2002-2003) Om dyrehold og dyrevelferd”.

Lønnsemda i geitehaldet er som vi veit lita for tida. Dersom det ikkje blir gjeve bidrag frå det offentlege til dette arbeidet, er det lite truleg at det let seg gjennomføre. Dersom det ikkje kjem inn tilskot til arbeidet, har vi heller ikkje styring med at det blir gjort rett. Ved eit tilskot pr geit, kan vi passe på at saneringsarbeidet og prøvetakinga blir gjort på rett måte, då det må setjast krav til rett utført arbeid før utbetalinga kan skje. Geite-eigarane vil få mykje ekstraarbeid, det har prosjektet ”Friskere geiter” vist. Eigeninnsatsen blir stor uansett.

Det er viktig å koma i gang med vidare sanering straks. No er motivasjonen aukande, og den er det viktig å ta vare på og bruke aktivt i det vidare arbeidet.

Visjon og målsetting.

Visjon:

Ein norsk geitepopulasjon som er fri for smittsame sjukdommar.

Hovedmål:

Bekjempe dei smittsame sjukdommane byllesjuka, CAE og paratuberkulose under norske forhold.

Delmål:

1. Kartlegge smittestatus i alle norske geitebesetningar for byllesjuka, CAE og paratuberkulose.
2. I løpet av prosjektperioden skal minst 75 % av geitebesetningane i Norge ha starta med sanering av byllesjuka, CAE og paratuberkulose.
3. Innan prosjektperioden er over skal det føreligge et forslag på eit kontrollsystem som skal hindre resmitte og vidareføre saneringsarbeidet i den norske geitepopulasjonen.

Gjennomføring.

Prosjektet må gjennomførast i tre fasar.

1. Kartlegging av smittestatus
2. Sanering (prøvetaking, utslakting, smitteførebygging og kontroll).
3. Kome med framlegg til ei ordning med prøvetaking og inspeksjonar i sanerte buskapar samt vidare sanering i resterande buskapar.

Kartlegging av smittestatus i alle besetningar innan utgangen av 2004.

Det er viktig å få dokumentert helsetilstanden i geitebuskapane. Dette vil føre til auka motivasjon for å bli kvitt viktige sjukdommar der det er mykje sjukdom. Der det er lite sjukdom, vil ein dokumentasjon av status auke motivasjonen for å halde sjukdommar ute frå buskapen. Kartlegginga går ut på å ta blodprøver og mjølkeprøver for CAE-påvisning og blodprøver og klinisk undersøking for påvisning av byllesjuka. Det må takast avføringsprøver for evt. påvisning av paratuberkulose. Det sist nemnde testen kan gjerast i samråd med eller av mattilsynet.

Det må undersøkjast kor stor fare det er for smitte mellom sau og geit, og mellom sauer. Ein detaljert plan ligg ved.

Sanering

Dette må hovudsakleg gjerast etter same modell som i prosjekt Friskare geiter del 1 (saneringsreglane, sjå vedlegg), men det trengst justeringar som ei fylgje av at stadig fleire buskapar blir friske og kan levere friske kje. I tillegg til det som alt er nemnt i saneringsreglane må vi:

- A) Plukke ut dei som er mest interessert og som har størst sjanse for å få gjennomført sanering.
- B) Koordinere kjøp/salg. Vi bruker same mal som den som blir nytta ved sjukdomssanering på sau.
- C) Gje råd angående prisfastsetting av livdyr i forhold til smittestatus.
- D) Legge fram forslag til vidare sanering i resterande buskapar.**
- E) **Forslå ei ordning med prøvetaking og inspeksjonar i sanerte buskapar.** Dette er nødvendig i mange år framover.

Det er to hovudgrunnar til det:

- 1) Testmetodane er ikkje så gode at dei kan seia 100% sikkert om eit dyr er smitta.
 - 2) Det vil alltid vera fare for ny smitte.
- F) Opprette eit register for å halde kontroll med smittestatus/friskstatus

Organisering.

Prosjekteigar: Norsk sau- og geitalslag (NSG)/TINE BA.

Prosjektadministrasjon: TINE BA

Styringsgruppe:

Samarbeidsrådet for Helsetjenesten for geit

I samarbeidsrådet er desse organisasjonane representerte:

- 1) TINE BA (sekretær)
- 2) Norsk sau- og geitalslag
- 3) Norsk kjøttssamvirke
- 4) Kjøttbransjens landsforbund
- 5) Statens dyrehelsetilsyn (Mattilsynet)
- 6) Veterinærinstituttet
- 7) Norges veterinærhøgskole
- 8) Den norske veterinærforening

Prosjektgruppe:

Eksisterande prosjektgruppe i Friskere geiter del 1

I prosjektgruppa er desse representerte:

- 1) Representant frå NSG
- 2) Representant frå regionalt TINE-meieriselskap
- 3) Representant frå regionalt TINE-meieriselskap
- 4) Representant frå TINE produsentrådgeving (sekretær i styringsgruppa)
- 5) Prosjektleder (sekretær)

Framdriftsplan (aktiviteter/milepæler).

Tidsperspektivet er totalt 6 år. Kartleggingsdelen skal ta eitt år (2004). Det går 5 år til prosjektet er gjennomført (2010). Då må det opprettast ein permanent kontor for overvaking av sjukdommar og for rådgjeving.

Milepæler	2004	2005	2006	2007	2008	2009
Oppstart: Prosjektorganisasjon etablert	x					
Oppstart prøvetaking (smittestatus)	x					
Kartlegging smittestatus ferdig	x					
Oppstart sanering: De første kontrakter	x	x				
Prosjektseminar/fagseminar		x	x	x	x	
Forslag til ordning (kontroll, sanering)						x
Prosjektrapport, avslutning prosjekt						x
Aktiviteter						
Kartlegging smittestatus: Prøvetaking	-----					
Sanering ca. 200 besetningar		-----				
Arbeid med av forslag til kontrollsystem						-----

Samarbeid.

Samarbeid med andre partar som er engasjert i geitenæringa er viktig. Samarbeidet vil skje hovudsakleg ved at partane er representerte i styringsgruppe og regionale ansvarsgrupper. Ellers må ein trekke inn aktuelle samarbeidspartar i arbeidet lokalt og sentralt etter behov.

Formidling

Det vil regelmessig bli informasjon om prosjektet i Norsk sau- og geitlags sitt medlemsblad "Sau og Geit" som når rundt 80 % av alle småfehaldarane i landet. Artiklar om prosjektet vil også bli publisert i Norsk Veterinærtidsskrift. Med jamne mellomrom vil det bli sendt ut "saneringsnytt" til alle som er involvert i prosjektet, med informasjon om resultat og framdrift. I tillegg til informasjonsarbeid på ulike fagmøte rundt om i landet, vil det bli arrangert årlege prosjektseminar/fagseminar i regi av prosjektet.

Økonomi (kostnadsoverslag og finansiering).**Budsjett – kartlegging av smittestatus**

Antal geiter	Buskapar	Pris pr prøve	Kostnad
CAE			
20	550	100	1.100.000
Byllesjuke			
05	550	100	275.000
Administrasjon, reiser, møter			150.000
Uforutsette utgifter			75.000
Tilsaman			1.600.000

Utgifter til sanering

1. Ved sanering med snapping av kje og nødvendige tiltak i bygning har utgiftene vist seg å ligge nær 3000 kroner pr geit. Størst i små besetningar.
2. Ved sanering gjennom slakting av eigen besetning og innkjøp av friske livdyr-kjeferdige geiter, samt nokre tiltak i bygninger, har kostnadane lege på ca 1500 kroner pr geit.
3. Ved forenkla sanering med slakting av positive dyr har utgiftene til sjølve saneringa vore beskjedne slik at det ikkje er nødvendig med økonomisk tilskot til denne saneringsforma.

Med utgangspunkt i den svake økonomien i geithaldet bør geithaldarane derfor få ca 1900 kroner pr geit ved full utskifting av besetning og ca 1200 kroner pr geit ved slakt av få geiter. Dette er same prinsippet som ved sanering av mædi. Sanerte besetningar vil sannsynligvis få større yting pr årsgeit slik at dei totale utbetalingane i produksjonstilskot ikkje aukar.

Kostnad ved sanering og behov for støtte			
	Grunnlagstal	pr år	Totalt
Ant. Bruk	200	33	200
Ant. Geiter pr. bruk	100		
Ant. Geiter	20 000	3333	20 000
Arbeidstid pr geit	6		
Varighet i år	6		
Kostnad pr geit	kr 2 800,00	kr 9 333 333	kr 56 000 000
Eigeninnsats	kr 800,00	kr 2 666 667	kr 16 000 000
Behov for direkte tilskudd	kr 2 000,00	kr 6 666 667	kr 40 000 000
Analayse CAE	kr 95	kr 316 667	kr 1 900 000
Analayse byllesjuka	kr 5	kr 17 500	kr 105 000
Analayse paratuberkulose	kr 100	kr 111 111	kr 666 667
Addministrasjon pr geit	kr 180,00	kr 600 000	kr 3 600 000
Reiseutgifter		kr 100 000	kr 600 000
Årlig seminar		kr 100 000	kr 600 000
Samling av prosjektveterinærerane		kr 200 000	kr 1 200 000
Innsats i prosjektgruppa		kr 100 000	kr 600 000
Totalt		kr 8 211 944,44	kr 49 271 666,67

Finansiering

- 1) Pengar til kartlegging blir gitt gjennom prosjektet
- 2) Dei som sanerer ved innkjøp av friske dyr får same tilskot som dei som sanerer for mædi.
- 3) Vedlikehaldstesting og inspeksjon blir betalt gjennom prosjektet.
- 4) Honorar til veterinær blir betalt av eigar eller mattilsynet